



Referat frå årsmøtet i Breivika Båthavn 2024.

Årsmøtet 2024 blei halde i klubbhuset i Breivika tysdag 27. februar 2024 kl. 18:00 – 19:30. Det møtte 24 medlemmer. Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska vel møtt.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste blei *samrøystes godkjend*, med tillegg om å føre opp orientering om hamnespy under sak 13, Ymse.

2. Valg av møteleiar.

Kjell-Atle Reksten blei valgt til møteleiar. *Samrøystes*.

3. Valg av referent.

Stein Malkenes blei valgt til referent. *Samrøystes*.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Bjørge Aguirre og Trygve Nybø blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. *Samrøystes*.

5. Årsmelding 2023.

Årsmeldinga var utsendt på førehand. Årsmeldinga blei gjennomgått og *samrøystes vedteken*. Eit spørsmål om kva grense for dugnadsgodtgjerdslø er før skattelegging blei avklart. Grensa er kr. 6 000,-.

6. Rekneskap 2023.

Kasserer Einar Jacobsen orienterte og gjekk gjennom rekneskapen og balanse 2023 post for post. Spørsmål undervegs blei avklart. Revisjonsrapporten var sendt ut på førehand og *teken til etterretning*.

Einar orienterte om at nokre få personar er altfor seine med innbetalingar, at dette skapar mykje ekstraarbeid og at desse sakene no sendast til inkasso.

Rekneskapen blei deretter *samrøystes vedteken*.

7. Utleigeprisar.

Einar orienterte og viste til styret sitt framlegg om å auke utleigeprisane med 10%.

Samrøystes.

8. Pris på båt plassane.

Einar orienterte og foreslo på vegner av styret å handsame denne saka under sak 9, budsjett. *Samrøystes*.



9. Budsjett for 2024.

Budsjettet for 2024 blei gjennomgått av Einar post for post og spørsmål blei avklart undervegs.

Budsjettsak 01/24

Einar gikk gjennom *Budsjettsak 01/24* der styret foreslo å *auke medlemskontigenten med kr. 200,- pr. medlem pr. år. Samrøystes.*

Budsjettsak 02/24

Vidare gjennomgjekk Einar *Budsjettsak 02/24, Skifte av flyteelementa på brygge nr. 1 sør.* Innstillinga frå styret blei opplest og Einar avklarte spørsmål undervegs. Årsmøtet hadde deretter ein grundig debatt i saka der både behov for tiltaket og finansieringsform blei drøfta. Årsmøtet la avgjerande vekt på miljøaspekta i saka og understreka ønske om å ha ei ryddig båthamn.

Det blei foreslått utsetting av saka, men dette *framlegget fall etter avstemming.*

Alternativ nr. 1, lånefinansiering blei deretter vedteke med følgande ordlyd:

Årsmøtet ber styret gjennomføre oppgraderingsarbeidet på brygge nr. 1, sør ved hjelp av lånefinansiering. Styret får fullmakt til å ta opp eit lån på ca. kr. 700 000.-. Samrøystes.

Budsjettsak 03/24, auke i båtplassverdi

Einar orienterte og la fram styret sitt framlegg til vedtak: *Årsmøtet 2024 aukar verdien på båtplassane med 10%. Samrøystes.*

Det samla budsjettet for 2024 blei deretter *samrøystes vedteke.*

Fullmakter

Under handsaminga la Sølve Helle fram seks signerte fullmakter. Desse blei drøfta av Årsmøtet 2024 og *blei underkjent.* Dette fordi fullmaktene ikkje var innlevert og registrert som del av antal gyldige stemmer ved møtestart.

10. Andre saker frå styret - oppfølging av vedtak frå Årsmøtet 2023

Denne saka handla om forma for vedtektsfesta (§1) godtgjerdsle til styremedlemmer gjennom oppfølging av vedtak frå Årsmøtet 2023.

I referatet frå Årsmøtet 2023 heiter det mellom anna: *Årsmøtet var også samde om at ordninga kan gjennomgåast og forbeholdt på neste årsmøte.*

Eit engasjert Årsmøte 2024 drøfta saka grundig og delar av møtelyden ønska å endre vedtektene på dette punktet. Det var også uklart når den gjeldande godtgjerdsleordninga blei vedtektsfesta.



Styret på si side hadde lagt fram ei grunngeven innstilling for å oppretthalde gjeldande ordning nedfelt i dagens vedtekter.

Sidan vedtektene stiller krav om innlevering av framlegg til vedtektsendringar til eit årsmøte innan 31.12. året før årsmøtet haldast, og dette ikkje var gjort, kunne ikkje eit konkret ønske om vedtektsending handsamast på Årsmøtet 2024.

Som ei konstruktiv oppfølging av saka blei det derfor foreslått at representantar for årsmøtelyden kan sende inn eit slikt framlegg til styret i løpet av 2024 og seinast innan 31.12.2024.

Dette framlegget må innehalde konkret framlegg til vedtektsendring, framlegget må grunngevast og det bør foreslåast ein ny godtgjerdsløypa for styremedlemmer som del av framlegget. Eventuelle endringar av vedtektenes §1 bør ikkje ha tilbakeverkande kraft for det sittande styret og skal gjelde for nye styremedlemmer som kjem inn etter vedtektsendring.

Når styret har motteke eit slikt framlegg, vil styret handsame framlegget og legge fram si innstilling i sak om vedtektsendring i §1 på Årsmøtet 2025.

Det blei ikkje formelt gjennomført avstemming i denne saka, men *Årsmøtet 2024 var samde om ei slik løysing.*

11. Innkomne framlegg

Det var kome inn framlegg frå Sølve Helle om oppfølging av sak frå Årsmøtet 2023 gjeldande punkt om godtgjerdsløypa til styremedlemmer i vedtektene. Denne saka blei handsama under sak 10 i årsmeldinga. Saka blei referert og teken *til etterretning.*

12. Vedtektsendring

Det var ikkje kome inn framlegg om endring av vedtektene innan fristen 31.12.2023.

13. Ymse - orientering om hamnespy

Stein Malkenes orienterte om spreing av den framande og uønska arten hamnespy og gjekk gjennom eit opprop frå Miljødirektoratet.

Oppropet viser tiltak og prosedyrer som er ønskeleg å innføre i Breivika Båthavn for å unngå spreing av hamnespy både i hamna og i våre nære farevatn.

Saka blei drøfta og Årsmøtet 2024 ønsker å legge til rette for å innføre retningslinjer og vidare tiltak. Det kom også innspel om å kontakte Florø Hamn KF for å eventuelt inngå samarbeid og mogleg finansiering av tiltak.

Saka blei så teken *til etterretning.*

Flori 29/2-24

Trygve Nyfjell Bjarne Aguirre Side 3



14. Valg

Kasserar Einar Jacobsen og skriver Stein Malkenes var på valg.
Begge hadde sagt seg villige til attval.

Leiar av valnemnda, Ronny Kjerpeseth orienterte og la fram nemnda si grunngjevne innstilling til attvalg av dei to.

Begge blei attvalde med akklamasjon.

Styret fekk også ros for godt utført arbeid.

Møtet slutt kl 19:30/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend.

*

Trygve Nybø

*

Bjørge Aguirre

* sjå side 3 av 4